

## MØTEPROTOKOLL

### Høgskulestyret

**Dato:** 23.05.2018 kl. 10:00-14:00

**Sted:** Bergen

**Arkivsak:** 17/00097

**Tilstede:** Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Aina Berg, Trond Ueland, Christine Øye, Gunnar Yttri, Sissel J. Brenna, Marit Ubbe, Karin Stormo, Aase Neraas, Sondre Riisøen, Cecilie Fredheim, Marie Eikemo Larsen, Berit Rokne

**Møtende  
varamedlemmer:** Hege Økland, Ragnar Gjengedal

**Forfall:** Gunnar Birkeland, Tom Skauge

**Protokollfører:** Linda McGuffie

<b>SAKSKART</b>		
<b>Vedtaksaker</b>		
<a href="#">39/18</a>	17/00097-77	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
<a href="#">40/18</a>	18/03404-1	Livslang læring - læring hele livet. Etter- og videreutdanning ved HVL.
<a href="#">41/18</a>	18/03515-2	Akkreditering av mastergrad - Teknologi-basert innovasjon og entreprenørskap
<a href="#">42/18</a>	17/08945-4	Status for ny Glu mai 2018
<a href="#">43/18</a>	17/09874-10	Strategiprosessen - løypemelding
<b>Orienteringssaker</b>		
<a href="#">O-4/18</a>	17/00146-34	Orienteringar frå rektor, styremøte 04/18

Bergen, 23.05.2018

Arvid Hallén

## **39/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	23.05.2018	39/18

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 04/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 03/18.

### **Møtebehandling**

Styreleiar ønskte velkommen og orienterte om at ein etter handsaming av styresakene ville nytte noe tid til lukka møte med fordjuping i problemstillingar knytt til styrets arbeid.

To styremedlem hadde meldt forfall til møtet, og vara var kalla inn. Hege Økland møtte for Gunnar Birkeland og Ragnar Gjengedal for Tom Skauge.

Styret hadde ikkje kommentarar til sakslista. Det vart i løpet av møtet meldt tre saker til eventuelt.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 04/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 03/18.

[Lagre endelig vedtak]

## **40/18 Livslang læring - læring hele livet. Etter- og videreutdanning ved HVL.**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	23.05.2018	40/18

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret tar saken om status for livslang læring ved HVL til orientering.

### **Møtebehandling**

Kristin Reiso Lawther, leiar for EVU-kontoret i nærregion Bergen, presenterte saka. Styret tok ei pause midtveis i diskusjonen av denne saka for å handsame sak 42/18.

Livslang læring er eit viktig satsingsområde for HVL med stort potensiale for auka inntekter. HVL må hente ut meirverdien frå fusjonen og jobbe målretta for å være ein samfunnsrelevant og framtidsretta aktør i denne marknaden, og vere den føretrekte samarbeidspartnaren i vår region for etter- og vidareutdanning.

I styrets diskusjon vart følgjande moment trekt fram:

- Tett på: HVL kan dra større nytte av felles ressursar og kunnskap i eksisterande partnarskap, både i kartlegging av behov og i utvikling av utdanningstilbod som treffer marknaden på rett måte og i rett tid.
- Ein må syte for tett kopling mellom kundens behov og dei som skal utvikle det faglege innhaldet.
- EVU-porteføljen må samkøyrast for å sikre at vi ikkje konkurrerer mot oss sjølv om dei same studentane.
- Undervisningsformar og studietilbod må tilpassast til behova i vår region (t.d. desentraliserte eller nettbaserte kurs).
- Ein må gjere det attraktivt for fakulteta og fagleg tilsette å utvikle lønnsame kurs som svarar på behov i marknaden.
- Kunnskapsdeling på tvers i organisasjonen (nærregionar, fakultet og avdelingar) er viktig for å lukkast på dette feltet.
- EVU-porteføljen må tilpassast endringar i marknaden mtp. kven som betaler for slike studiar – studenten sjølv eller arbeidgjevar.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Styret tar saka om status for livslang læring ved HVL til orientering. Styret ønskjer sak om EVU-feltet med vekt på dei strategiske vala HVL står framfor på dette feltet.

[Lagre endelig vedtak]

## **41/18 Akkreditering av mastergrad - Teknologi-basert innovasjon og entreprenørskap**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	23.05.2018	41/18

### **Forslag til vedtak:**

Styret vedtar at det settes ned en studieplankomite som skal jobbe frem søknad om akkreditering av et masterprogram innen innovasjon og entreprenørskap.

### **Møtebehandling**

Jens Kristian Fosse, prodekan ved fakultet for ingeniør- og naturvitenskap, presenterte saka.

Styret diskuterte saka og var positive til at ein jobbar mot å få eigen akkreditering for dette programmet som tidlegare har vore drevet felles med UiO.

Det vart understreka i møtet at plasseringa av masterprogrammet vil kunne bli endra som ein følge av evalueringa av senterstrukturen.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Det vert nedsett ein studieplankomite i samsvar med framlegget, som skal utarbeide ein søknad om akkreditering av masterprogram innan innovasjon og entreprenørskap.

[Lagre endelig vedtak]

## **42/18 Status for ny Glu mai 2018**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	23.05.2018	42/18

### **Framlegg til vedtak:**

Styret tek saka til orientering

### **Møtebehandling**

Jan Olav Fretland, programansvarleg for den nye grunnskulelærerutdanninga, presenterte saka (via videokonferanse).

Styret takka for saka. Styret understreka at det vert gjort tiltak for å tiltrekke seg søkjarar til alle campus. Styret var imponert over arbeidet som blir gjort og er positive til planane for det vidare arbeidet med utviklinga av grunnskulelærerutdanninga ved HVL.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Styret tek saka til orientering.

[Lagre endelig vedtak]

## **43/18 Strategiprosessen - løypemelding**

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	23.05.2018	43/18

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Styret tar saka til orientering

### **Møtebehandling**

Rektor presenterte saka.

Styret ser fram til å følgje arbeidet med utvikling av strategien vidare.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Styret tar saka til orientering.

[Lagre endelig vedtak]

<b>Saknr</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
O-4/18	17/00146-34	Orienteringar frå rektor, styremøte 04/18

---

#### **O-4/18-1 Referat frå IDF-møte**

---

Referat frå IDF-møte vart delt ut ved møtestart. Styret tok lesepause. Styret hadde ikkje kommentarar.

---

#### **O-4/18-2 Årshjul**

---

Styret hadde ikkje kommentarar til årshjulet.

---

#### **O-4/18-3 UHR arbeidsgruppe – forenkling og forbedring av rammeverket for universiteter og høyskoler**

---

Rektor orienterte om at prorektor for samhandling er representant for HVL i utvalet som skal jobbe med mandat for arbeidsgruppa som skal jobbe fram ein NOU om forenkling og forbedring av rammeverket for universitet og høyskular.

Styret ser fram til å få sak om dette temaet når prosessen har kome lenger.

I samband med diskusjonen av saka vart det ytra ønske om at ein i framtida vurderer om styret i større grad burde koplast på høyringsprosessar som gjeld strategisk viktige tema for HVL som det kan være føremålstenleg at styret uttalar seg om eller er orientert om.

---

#### **Eventuelt**

---

#### **E-4/18-1 Administrativ organisering – status**

Meldt av: Styreleiar

Rektor orienterte kort om framdrifta i iverksettinga av vedtaket om administrativ organisering. Det er ein utfordrande prosess og mange ulike forventningar og ønskje som skal harmoniserast.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

---

#### **E-4/18-2 Fellesemne HVL**

Meldt av: Gunnar Yttri

Styreleiar orienterte. Saka meldt munnleg i førre møte og følgt opp på e-post i etterkant. Styret støtta at administrasjonen arbeider vidare med denne saka.

---

#### **E-4/18-3 Orientering om NRK-reportasje**

Meldt av: rektor

Rektor orienterte om ein NRK-reportasje om eit forskingssamarbeid på energiteknologi mellom Høgskulen på Vestlandet og Universitetet i Jaffna og oppmoda styret om å sjå programmet.

---